


MOT til 1. mai (onsdag 30.april)

Vi treng frivillige foreldrevakter!



Hei alle foreldre!

Vi treng foreldrevakter til MOT-arrangementet på Martin Linge-huset onsdag 30. april og håper DU kan bidra til dette!

MOT til 1. mai var første gong arrangert i 2022. Arrangementet ein suksess og vi har fått positive tilbakemeldingar. Vi ønskjer at arrangementet skal vere ein årleg tradisjon for ungdommane i kommunen og i nabokommunane.

Kjellen og Tafjord Festproduksjon

Det blir ulike aktivitetar på Martin Linge-huset, og sjølvaste Kjell Kjellen Bigset gjer comeback. «Vi kan herved meddele den strålande nyheita at Kjellen kjem tilbake på MOT-arrangementet i år også! Han kjem med ferga i 200 km/t, og serverar ny galskap!». I tillegg til å ha sceneopptreden vil han vere med ungdommane gjennom kvelden. Vårt lokale band "Tafjord Festproduksjon" vil også entre scena.

Det er svært truleg at DU kan få eit eksklusivt møte med Kjellen i det du bidreg til positiv ungdomsaktivitet 😊

Transport

Det blir satt opp busstransport t/r Stordal via Liabygda ferjekai og Linge ferjekai. Uteguiden/Hofseth sørger for båtskyss over fjorden til Eidsdal/Norrdal etter arrangementet. NB! Det vil bli påmelding til skyss. Detaljert informasjon vil bli lagt ut på fjord.kommune.no.

Vakter

Vi treng om lag 20 foreldrevakter til arrangementet. Å vere vakt er både kjekt og sosialt! Vaktene blir fordelte på ulike oppgåver – som t.d. kjøkken/kiosk, vakter ute og inne, vakter ved scene og i idrettshallen. Ved arrangementslutt vil det vere opprydding og vask.

Oppmøte vil i utgangspunktet bli kl 18:30 og vi håper dei som kan stille som vakt kan vere til arrangementet er slutt. (Dei som skal vere på kjøkken/kiosk møter kl 18:00). Arrangementet vil vere slutt kl 24:00. Vaktoppsett vil bli sendt ut i forkant.

Meld frå snarast til Bjørg Jacobsen/frivilligsentralane dersom du kan stille opp!

Telefon: 90529164

E-post: frivillig@fjord.kommune.no

Håpar vi sjåast 😊

Helsing MOT og frivilligsentralane